



Prosjekt Bryggen - Utlysning av tilskotsmidlar for 2015

Midlane til Prosjekt Bryggen blir løyvd årleg frå statsbudsjettet kapittel 1429 post 79 verdsarv. Hordaland fylkeskommune har ansvar for å fordele tilskot til sikring og istandsetting av bygningane, under hovudpostane PB-100 Istandsetting og PB-200 Sikring og prosjektering. Vidare har fylkeskommunen ansvar for å fordele tilskot til nokre delprosjekt under PB-500 Fellesoppgåver. Søknader som gjeld delprosjekt under desse hovudpostane, skal sendast til Hordaland fylkeskommune.

Retningslinjer

Lagt ved er gjeldande retningslinjer for tilskot under Prosjekt Bryggen. Retningslinjene er vedtekne av fylkesutvalet.

Lagt ved er òg gjeldande retningslinjer for dokumentasjon og rapportering for istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen.

I retningslinjene for tilskot vil det hausten 2014 bli gjort nokre mindre justeringar for å få samsvar med dei aktuelle punkta i retningslinjene for dokumentasjon og rapportering, dette gjeld hovudsakeleg for prosessen etter gjennomført forprosjekt.

Søknadsfrist

1. november 2014.

Søknadsformat

1) Søknader som gjeld istandsetting og sikring/ mellombels sikring må fyllast ut i Excel-fila som er lagt ved.

- Kva informasjon søknaden skal innehalde, samt rettleiing for utfylling, er definert i Excel-fila.
- Søknaden må lagrast og sendast inn som Excel-fil.
- Det skal sendast inn ei separat Excel-fil for kvart einskild delprosjekt (eit istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen blir omtala som eit delprosjekt, det same blir sikringstiltak).
- Dersom ein tiltakshavar søker om tilskot til fleire delprosjekt, skal det saman med søknadane leggst ved ei prioriteringsliste for delprosjekta som det søkast om tilskot til.

2) Søknader som ikkje gjeld istandsetting eller sikring/ mellombels sikring av bygningar fyllast ut i valfritt format.

- Søknaden må innehalde budsjett, opplysningar om eigendel og eventuelle andre finansieringskjelder og ei beskriving av tiltaket, det sist nemnde skal inkludere kort informasjon om bakgrunn for tiltaket.
- Søknaden skal vidare innehalde kort informasjon om arbeid og resultat i inneverande år eller tidlegare år, dersom det er eit pågåande tiltak.

3) Søknader som gjeld midlar til gjennomføring av forprosjekt for istandsetting, sendast i valfritt format.

- Søknaden må innehalde ei kort beskriving av bakgrunn for søknaden, ei kort beskriving av kva som skal gjerast i forprosjektet (m.a. omfanget av demonteringar), tidsplan og budsjett for gjennomføring av forprosjektet, og kven som skal gjennomføre det.

- Det har tidlegare vore praksis i Prosjekt Bryggen at forprosjekt er fullfinansierte, men då med ei øvre grense på kr. 250.000,- i tilskot. Ein legg opp til ein lik praksis også i 2015.

Vedlagte «Retningslinjer for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen» inneheld opplysningar om kva eit forprosjekt skal innehalde. Det inneheld òg opplysningar om prosessen etter gjennomført forprosjekt og kva som skal utførast i den vidare planlegginga.

Innsending

Alle søknader og vedlegg - sjå òg punkt 6.3 i vedlagte retningslinjer for tilskot - må sendast inn per e-post, til hfk@hfk.no med kopi til helene.moe@hfk.no

Handsaming av søknadene

For 2015 vil søknader om gjennomføring av forprosjekt for istandsetting bli handsama parallelt med søknader om tilskot til istandsettings- og sikringstiltak.

Den einskilde søknaden vil bli sett i samanheng med samla disponibelt beløp i Prosjekt Bryggen og framdrifta i istandsettingstiltaka.

Handsaminga gjerast i tråd med retningslinjene for tilskot.

For søknader som gjeld forprosjekt for istandsetting vil ein i tillegg gjere handsaminga i tråd med retningslinjene for dokumentasjon og rapportering i istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen.

Avhengig av kva tid fylkeskommunen mottek tilsegnsbrev om statsmidlar frå statsbudsjettet kapittel 1429, legg ein opp til å sende ut vedtak i løpet av mars 2015. Normalt mottek fylkeskommunen tilsegnsbrevet om statsmidlar i midten av mars månad.

Ramme i 2015

Samla disponibelt beløp blir stadfesta ved mottak av tilsegnsbrevet om statsmidlar frå statsbudsjettet kapittel 1429.

Generelle prioriteringar i 2015

I tråd med generelle føresetnader og prioriteringar frå Riksantikvaren, skal bygningar som i Askeladden er registrert med overordna tilstandsgrad (TG) 3 og 2 prioriterast. Det skal ikkje gis tilskot til bygningar med TG 1.

Det vil i 2015 bli satt av midlar til gjennomføring av eitt eller fleire forprosjekt for istandsetting, og til start av eller gjennomføring av forundersøkingar og detaljprosjektering for *eitt* nytt istandsettingstiltak. (Om forundersøkingane og detaljprosjekteringa gjerast heilt ferdige i løpet av 2015, avheng av omfanget av tiltaket og kva tidsplan tiltakshavar legg opp til, og vil bli klarlagt under gjennomføringa og handsaminga av forprosjekt.)

Det vil bli gitt generell prioritering til istandsetting framfor sikring, *under føresetnad* av at dei aktuelle istandsettingstiltaka kan vise til ein god og effektiv intern organisering, og til god planlegging, gjennomføringsevne og framdrift i føregåande år – inklusive sluttrapport, forprosjekt og anna som er knytt som vilkår for dei gitte tilskota. Visst det er brot på dei tidlegare gitte vilkåra for tilskot, vil tiltaket bli prioritert ned.

For pågåande istandsettingsprosjekt vil det bli prioritert å få ferdigstilt einskildbygningar.

For alle søknader som gjeld istandsetting eller sikring vil det bli vektlagt at det innan rimeleg tid etter søknadsfristen 1. november føreligg søknad om dispensasjon etter kulturminnelova for dei arbeida som skal utførast i det kommande året, jf. punkt 7h i retningslinjene for tilskot.

Dispensasjonar og løyve

Jf. punkt 6.2 i retningslinjene for tilskot, er det eit *vilkår for tildeling av tilskot* at tiltaka er i samsvar med samtlege myndekrav.

- Det skal søkast om dispensasjon etter **kulturminnelova** både for sikringstiltak og for tiltak som er del av ei langsiktig istandsetting. I det sist nemnde tilfellet skal det søkast om dispensasjon for arbeida som skal utførast i 2015.
 - For tiltak som gjeld *arbeid på bygningar*, inklusive fundament, skal det søkast om dispensasjon etter kulturminnelova § 15a. Her er fylkeskommunen forvaltningsmynde. Søknader om dispensasjon sendast enten til hfk@hfk.no med kopi til david.aasen.sandved@hfk.no eller til: Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.
 - For tiltak som gjeld *arbeid i grunnen*, skal det sendast søknad til Riksantikvaren om løyve etter kulturminnelova § 8 1.ledd. Enten til postmottak@ra.no eller til: Riksantikvaren, Postboks 8196 Dep., 0034 Oslo.
- Tiltakshavrar/søker har ansvar for å avklare med Bergen kommune om dei planlagde tiltaka vil krevje ein søknad etter **plan og bygningslova**, og for å innhente naudsynt løyve.
- Tiltakshavar/søker har ansvar for å innhente naudsynte løyve frå andre mynde.